

Samferdselsdepartementet
v/ Eivind Moe

Sendt til: postmottak@sd.dep.no
eivind.moe@sd.dep.no

INNSPEL TIL HØYRING AV LOVENDRINGER KNyttT TIL GJENNOMFØRING AV FJERDE JARNBANEPAKKE FRÅ EU

Aurland Ressursutvikling AS («ARU») syner til Samferdselsdepartementet sitt høyringsbrev av 3. juli 2018, der framlegg til endringar i *jernbaneloven*, *jernbaneundersøkelsesloven* og *yrkestransportloven* vart sendt på høyring («Høyringa»). Endringane i nemnde lover skal skape naudsynt lovheimelsgrunnlag i norsk rett til gjennomføring av EU-rettsaktene som utgjer fjerde jarnbanepakke.

ARU er eit reiselivsrelatert utviklingsselskap eigd av Aurland kommune (ca. 40 %), det statlege selskapet SIVA Eigedom Holding AS (cirka 47,4 %) og Aurland Sparebank (resterande). Hovudengasjementet til ARU har tradisjonelt vore utvikling av Flåm og Aurland kommune som reisemål. I dag strekk likevel ARU sitt engasjement innan reiselivssektoren seg lenger enn det. ARU er ansvarlig for produktutvikling og drift av Flåmsbana gjennom eigarskapet sitt i selskapet Flåm Utvikling AS.

Gjennom datterselskap og medeigarskap legg ARU til rette for, marknadsfører og sel reiselivsopplevelingar i nasjonale og internasjonale marknadar, til dømes knytt til overnatting, servering, fjordcruise, museum og Flåmsbana. Flåm, Rallarvegen, Aurlandsdalen, Nærøyfjorden og Flåmsbana er kjende og attraktive merkenamn både nasjonalt og internasjonalt. ARU har lagt stor vekt på å skape heilskaplege heilårs reiselivstilbod for turistane, typisk med utvikling av pakkeløysingar som tek opp i seg både transport, overnatting og opplevelingar. I samband med det har ein bygt opp eit omfattande sals- og marknadsføringsapparat basert på ei moderne teknologiplattform som gjev synleg og effektiv formidling og distribusjon av tenestetilbodet.

Dei siste åra har vore prega av vekst på alle område; til dømes innan overnatting, servering og aktivitets- og opplevingsdeltaking. Det har også vore jamn og til dels monaleg auke i talet på reisande på Flåmsbana. Sistnemnde er ein stor turistattraksjon i seg sjølv. Flåmsbana er difor særsviktig for reiselivet i Flåm og Aurland kommune, men også i eit regionalt perspektiv.

ARU er positive til innhaldet i EU-rettsaktene som utgjer fjerde jarnbanepakke.

Høyringa gjer framlegg om diverse endringar i jarnbanerelatert lovgjeving som skal etablere naudsynt heimelsgrunnlag for gjennomføring i norsk rett av EU-direktiva og -forordningane som inngår i fjerde jarnbanepakke. ARU har ikkje merknader til det konkrete innhaldet i lovheimelsføresegnene Samferdselsdepartementet gjer framlegg om, og er dermed også positiv til Samferdselsdepartementet sin intensjon om å etablere eit dekkande lovheimelsgrunnlag i tide. ARU vil gje Samferdselsdepartementet honnør for å initiere dette lovarbeidet nå.

Med venleg helsing
Aurland Ressursutvikling AS

Solrun Hjelleflat
Daglig leder